



Referat møte i Team Hardanger, tysdag 10.09.2024 i Norheimsund.

Møtte: Mona Hellesnes, Ulvik herad - leiar, Jan Tjosås, Kvam herad, Randi Rykkje, Ullensvang kommune, Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune, Sigmund Vereide, Hardanger og Voss Næringshage, Christel Johansen Kvamme, Ullensvang næringshage, Andreas Skogseth, Visit Hardangerfjord, Trude Rinaldo, Hardangerrådet iks
Gjester: Kåre Hansen og Leif Jarle Gressgård, NORCE

1. Fjernarbeidsplassar Fase 2 v/ Kåre Hansen og Leif Jarle Gressgård.

Kva kan Team Hardanger bidra med.?

Koblingspunkt mellom prosjekta Fjernarbeid og Rekruttering.

Skapa merksemd rundt moglegheiter og gevinstar av fjernarbeidsplassar for Hardanger. Dette er distriktspolitikk. Å få fleire med høgare utdanning busett i regionen, vil også vera med på å gjera oss meir attraktive.

Kunnskapsoppsamling i fase to skal handla om arbeidstakar. Det skal gjennomførast ein survey for å henta ut meir kunnskap om haldningar til fjernarbeid og vilje til å flytta.

Dette arbeider distriktssenteret med i dag, og me vil gjerne samarbeida med dei.

Det vert veldig interessant å få vita korleis det oppleves å fjernarbeida i Hardanger i dag:

- kva er bra?
- er det noko dei savnar?
- kan me gjere noko?

Vil også gjerne intervjuja utflytta Hardingar om fjernarbeid, og kunne dei tenkje seg å flytte tilbake om dei fekk behalda jobben?

Prosjektet treng hjelp til i finna intervjuobjekt frå Team Hardanger og andre.

Desse ser me etter:

- Utflytta hardingar som kan tenkja seg å flytta tilbake
- Fjernarbeidarar busett i Hardanger i dag

2. Rekruttering i Hardanger og Voss

Status v/ prosjektleiar Christel Johansen Kvamme. Presentasjon ligg ved.

3. Visit Hardangerfjord - Oppdatering og oppstart Strategiplan for reiseliv i Hardanger.

Vedlegg til referat : Søknaden frå Visit Hardangerfjord

Korleis involvera kommunane? Dett treng Visit Hardangerfjord hjelp til.

No arbeider dei med analyse/status på f.eks Airbnb i Hardanger. Det er ein ekstrem utvikling, også i Hardanger. Ellers har turistsesongen 2024 hatt enorm vekst, både belegg og pris.

For framtida treng Hardanger ein masterplan på kva me vil og bør.

Felles informasjongrunnlag: kor er me no og kor vil me vera om 10 år.

I arbeidet med strategi vil ein blandt anna sjå på verdiskapingsanalyse per kommune i Hardanger, merkevaremåling, Airbnb og Swot kartlegging.

4. Godkjenning av møtekalender haust 2024 for Team Hardanger

Vedtak

Møteplanen haust 2024 godkjent slik den låg føre

2024	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Team Hardanger	Tysdag 10.09 Kvam	Tysdag 29.10 Eidfjord		Tysdag 03.12 Ullensvang

5. Status

Visit Hardangerfjord

I tillegg til hans innlegg i sak 3

- God utvikling på web og synlegheit.
- Vil ha AI assistent på Visit Hardangerfjord
- Hardanger NEXT kjem til våren
- Nye medlemmer
- RCO, web og innhald beid mm - felles person for alle kommunane.

Ullensvang kommune:

- Generelt er det ikkje ledige næringsareal i kommunen, ein jobbar difor med m.a. nyttegjering av næringsareala i Skarsmoen.
- Tryglavik manglar avklaringar.
- Arbeider med steinmassar frå fjellhallana til Boliden - kva er mogleg å få til?
- Hydrogenhubben - kartlegging av sjøareal; dei arbeider intenst med å sjå vidare symbiosar for "rest" som kan brukast være seg varme; protein
- Arbeider med Besøksforvaltning - indre og ytremedisin
Koblar på bygdelag og foreiningar, tar tak i dei støtste utfordringane fyrst.
- Kartlegg bustadbehovet - kva trengs eigentleg?
I forlengelse av dette har dei kontrakt med selskapet PLACE - innsiktsarbeid med data på personar. Må ha faktabasert kunnskapsgrunnlag.
- Kurs i offentlege anskaffelsar; kompetansesenter på robotteknologi på Osterøy - jobbar mot vgs og finna ut kva gapet er.

Næringsshagen Voss og Hardanger

- Kompani Lauritsen er eit spennande konsept for Voss og regionen.
- Fjord- og fjellfondet ønskjer nominasjonar frå alle i TH til kandidatar. Dette er kr 300 000. Mål og fokus er nyetablerarar og innovasjon. <https://hardangervoss.no/fjord-og-fjellfondet/>
- Skal diskutera Visit Voss og Visit Hardangerfjord. Voss sitt reiselivsråd skal på studietur til Ulvik i neste veke.
- Finsehytta: Finse har hatt ein veldig god sommar, men med ekstrem pågang kjem spørsmålet om kor dei skal setta grensene?

Kvam herad

- Fjellstrand har god aktivitet med nye produkt.
- Fossebygda er godt igang med forprosjekt om Fosse museum.
- Hardingsmolt skal bygga ut for 500 millionar med 40 arbeidsplassar.
- Lingalaks er lokalt eigarskap med ca 70 tilsette og 1 mrd i omsetning.

- E134 arm til Bergen konsept 1 vert stort for både Kvam, Ullensvang og Hardanger.
- Områdeplan for Øystese held på "drukne i" ulike krav til tiltak og motargument.
- Inspirasjonstur til Austevoll for å sjå på bustader var inspirerende og lærerikt.

Eidfjord kommune:

- Bustadsituasjon - det er veldig mange Airbnb utleigarar i Eidfjord.
- Eidfjord har bustadtomter, men kommunen driv ikkje aktiv marknadsføring. Er ingang med 6 mans bustad. Andre prosjekt kjem. Dette løyser ikkje akutte utfordringar.
- Dei er lyst ut midlar til dei som vil pussa opp for langtidsutleige.
- Stor aktivitet i turistsesongen. Tolegrenseanalysen vert eit viktig redskap(ferdig sept/oktober), og det er stor interesse blandt innbyggjarane. Har også gjennomført ei trafikkanalyse for sentrum. Faktabasert kunnskap tek vekk synsinga.
- Berekraftsprosjekt er også til oppfølging og det kommunale reiselivsforetaket arbeider tett på kommunen og reiselivet, med mål om reiselivsutvikling. Det er no ute utlysning for berekraftsanalyse. Målet er å utvikla sentrum både for innbyggjarar og gjester.
- Utgreiing av guideskole - og sendt til "Spor".
- Ellers er store prosjekt i gang, som rensaneanlegg i Sysendalen og Landstraum
- Totalt eit veldig høgt aktivitetsnivå.

Næringshagen i Ullensvang

- Utdanningsmessen i Tyssedal om eit par veker.
- Målbedriftsprogrammet saman med Hardanger og Voss.
- Næringsfondet i Ullensvang kommune er no til utlysning.
- Tanke om ein "Innovasjonsdag i Hardanger" - som skal bidra til auka samhandling og innovasjon.
- Har strategiprosess om kor dei skal ividare, delvis saman med Kvinnherad.

Ulvik herad

- Nye reguleringsplanar.
- Hurtigladdestasjon for EL-bilar: flyttar eksisterande.
- Kontakt med Voss i forbindelse med BIO park på Bjørke.
- Jobbar med Book Hardanger som styreleiar. Dei er veldig godt igang, har 4 ansatte og skal over i ny fase.
- I felles reiselivsprosjekt med Eidfjord, konkretiserar dei no resultat.
- Bustadprosjekt på gang.
- Kommunalt turistkontor melder om ein veldig god sommar for reiselivet.
- Internasjonalt eigarskap er ei utfordring. Korleis forhold me oss til det?

Saker /Innlegg til neste møte:

Sett deltaking Arendalsveka 2025 på agenda. Felles opplegg?

Invitera Husbanken til informasjon om "verktøykassen" deira.

Neste møte er Tysdag 29.10.2024 i Eidfjord

Referant Trude L. Rinaldo